



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
15/214319-6

Dykkar referanse:

Vår dato:
28.04.2016

Søknad om frådeling av tomt – gnr. 26 bnr. 4 – Midtsundet i Meland kommune

Vi viser til brev frå Meland kommune datert 08.02.2016, om frådeling av parsell frå eigedom gnr. 26 bnr. 4 på Midtsundet i Meland kommune.

Rekkjefølgekrav

Vårt brev datert 18.12.2015 er tilbakemelding på søknad frå Jan Hestdal, der han søker om utvida bruk av avkøyrsla for ein ny bueining. På bakgrunn av den søknaden var det naturleg å anta at det skal byggast på eigedomen etter frådeling.

Etter kommunen sin utgreiing i brevet har vi sett nærare på saka. Statens vegvesen er einig i kommunens vurdering av ordlyden i kommuneplanens arealdel (KPA), føresegn §1.5.6, om at rekkjefølgjekrava er knytt til byggjeløyve. Vi er også samd i at byggjeløyve ikkje kan gis før krava i KPA er oppfylt. Etter Statens vegvesen sitt syn er det feil å frådele ein eigedom til bustadføremål, når ein ikkje kan vente å få byggjeløyve innan relativt kort tid, jf. pbl. § 27-4. Det er venteleg fleire år før krava i KPA er oppfylt, ettersom det ikkje er godt nok plangrunnlag til å utføre tiltaka.

Plankrav

Når det gjeld føresegn §2.1.1 om unntak frå plankrav, er Statens vegvesen ikkje einig i at vilkåra er innfridde. Vilket om tilknytning til eksisterande infrastruktur er knytt til pbl. §11-10 nr. 1, som lyder:

«Til arealformål nr. 1, 2, 3 og 4 i § 11-7 kan det i nødvendig utstrekning gis bestemmelser om:

1. at mindre utbyggingstiltak ikkje krevjer ytterligere plan dersom det er gitt bestemmelser om utbyggingsvolum og uteareal, og **forholdet til transportnett** og annet lovverk er ivare tatt»

Etter vår vurdering er forholdet til transportnettet ikkje ivareteke, ettersom fv. 245 har dårleg standard. Dette er både knytt til kryss med fv. 564, standard på fv. 245 og tilhøva for gåande og syklande, herunder skuleborn. Statens vegvesen meiner difor at det er knytt plankrav til utbygging i området.

Konklusjon

Statens vegvesen rår ifrå at det vert gitt løyve til frådeling frå eigedommen.

Plan og forvaltning – Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonsjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Kopi

Jan Magnus Hestdal, Midsundet 13, 5918 FREKHAUG

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.